

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato: 05.04.2017
Saksref.: 201700600-2
Deres ref.: 2015/10633-29
Sider: 2

Att: Marte Hagen Eriksrud

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - høyring av planforslag Innspel frå Jernbanedirektoratet

Jernbanedirektoratet viser til motteke brev datert 24.02.17 angående Regional transportplan Hordaland 2018-2029, høyring av planforslag.

Jernbanedirektoratet meiner at det gjennom planframlegget er utført eit svært godt planarbeid som legg grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, men også legg føringar for prosessar som som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Fylkeskommunen ønskjer i særleg grad innspel på mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak. Jernbanedirektoratet vel å kommentera nokre område vi ser som særleg viktige:

Jernbanedirektoratet støttar opp om måla for planen. Vi merker oss særleg måla om nullvekst i personbiltrafikken og måla knytt til kollektivtransport, sykkel og gange. Dette er i tråd med nasjonal tenking og ein styrke for planen. Fokus på nullvekstmålet er også naudsynt for å kunna realisera målsettingane i *Klimaplan for Hordaland* og i *Byvekstavtale mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Staten for perioden 2017-2023*.

Jernbanedirektoratet merker seg at Regional transportplan er kopla sterkare til Regional areal- og transportplan gjennom felles omtale av transportsystemet i Bergensområdet. Dette ser vi som eit svært godt grep, ettersom samordna utbyggingsmønster og transportsystem er ein føresetnad for å få til ein ønska utvikling innan dei ulike delområda.

Indre Arna er i planframlegget definert som eitt av 12 regionsenter i fylket. Jernbanedirektoratet minner om at Indre Arna, gjennom utbygging av dobbeltspor Arna – Bergen og hyppigare avgangsfrekvens, vil utviklast til eit attraktivt regionsenter. Indre Arna vil, med eit forbetra kollektivtilbod, fungera som eit senter med regionale funksjonar både for austlege delar av Bergen, men også for eit større omland. Me minner om at det må leggjast til rette for ein arealbruk og ein knutepunktsutvikling som støttar opp om regionsenteret.

Tilrettelegging for syklende og gåande er avgjerande for å nå 0-vekstmålet i byområda. Ein høgare andel gåande og syklende har også klare positive føringar på folkehelse og trafikktryggleik. Jernbanedirektoratet ser det difor som svært positivt at satsing på sykkel og gange er grundig omtalt i planframlegget, men er ikkje nøgd med at planframlegget omtalar transportformene samla. Etter vårt syn er det viktig å skilja desse to transportformene, både i høve til arealbruk, infrastruktur og måloppnåing. Først då vil ein oppnå attraktivitet i høve til privatbilen og såleis måloppnåing i form av 0-vekst, folkehelse og miljø.

Med venleg helsing

Lars Christian Stendal
Prosjektleder bystrategi

Torill Klinker
Fung. seksjonsleder
Regional samhandling sør og vest

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur